



Energiservice Sør AS  
Tom Larsen  
Postboks 1036 Lundsiden  
4687 KRISTIANSAND S

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/2846 - 19/30473

Saksbehandlar:  
Linda Folkestad  
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:  
14.10.2019

## Svar på spørsmål om godkjenning av oljeutskiljar med ekstra barriere - GBNR 212/136 - Eikanger øvre - tankanlegg

Teknisk drift syner til spørsmål om godkjenning av oljeutskiljar med ekstra barriere med SIPP Node 2000 - 5000.

Teknisk drift vil gje løyve til å knytte oljeutskiljar på overvassnett på følgjande vilkår:

- Teknisk drift godkjenner anlegg under føresetnad om at dette hindrer utslepp av oljehaldig avløpsvatn på leidningsnett. Anlegg skal knyttast på etablert overvassnett. *Vi gjer merksam på at overvassnett går til terreng og at utslepp av oljehaldig avløpsvatn kan føre til forureing av grunn.*
- Oljeutskiljaranlegg skal være dimensjonert for å kunne ta høgde for overvatn frå uteareal, areal for selvaskeanlegg og vaskehall. Alt utstyr som skal nyttast ved vaskehall og selvaskeplass skal være tatt med i berekningsgrunnlaget for val av størrelse på anlegg.
- Berre godkjente vaskemidlar skal nyttast og bruken av desse skal avgrensast til eit minimum. Kommunen forventar at verksemda går i dialog med kjemikalieleverandør, eventuelt anna kompetanse på området, for å optimalisere bruken av vaskemidlar med tanke på lågare utslepp av olje.
- Anlegg skal tømmeast minimum 1 gong per år og elles når det måtte være nødvendig. Olje som vert halde tilbake i anlegg vert rekna som farleg avfall og skal leverast til godkjent mottak.
- Det skal gjennomførast minst 1 representativ måling for å dokumentere at anlegg stettar krav til utslepp på leidningsnett. Prøven skal takast før tømning av anlegg frå prøvetakingskum.
- Anlegg skal reingjerast og kontrollerast 1 gong per år. Driftskontroll og reingjering kan utførast i samband med tømning av anlegg.



- Det skal sendast inn årsrapport for anlegg kvart år. Årsrapport skal inneholde dokumentasjon på utført tømning, prøveanalyse og driftskontroll. Dokumentasjonen skal være kommunen i hende seinast 1 februar påfølgjande år.
- Det skal, til ein kvar tid, ligge føre tømmeavtale med godkjent tømmeoperatør. Kommunen skal ha kopi av avtale før anlegg vert teke i bruk. Avtalen skal være signert av begge partar.
- Dersom det er behov for innhending av utsleppsløyve frå andre myndigheter skal dette ligge føre før oppstart av anlegg. Teknisk drift er usikker på om tankanlegg kjem inn under bensinstasjon eller anna næring. Vaskehall og selvaskeplass faller inn under kommunal handtering av søknad.

**Vi gjer merksam på at tiltaket kan være søknadspliktig etter plan og bygningslova.**

*Det er med heimel i forurensningsforskriften kap 15 (fastsett med heimel i lov av 13.mars 1981 nr 6 om «vern mot forurensningar og om avfall» § 9, § 11 og §81, lov av 11. juni 1976 nr 79 om «kontroll med produkter og forbrukertjenester» §4) og «Standard abonnementsvilkår – Tekniske og Administrative bestemmelser» at Lindås kommune sett krav til utskiljaranlegg hos verksemder som har utslipp av oljehaldig avlaupsvatn. Vedtak gitt med heimel i Standard abonnementsvilkår – Tekniske og Administrative bestemmelser følgjer privatrettslege regler og har difor ingen formell klagerett.*

Med helsing

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Energiservice Sør AS

Postboks 1036 4687  
Lundsiden

KRISTIANSAND S